

Førde Langrenn inviterer Miljø- og treningssamling på Sognefjellet



Førde IL Langrenn ønsker å følge opp suksessen frå i fjor med ei miljø og treningssamling ved Sognefjellet Sommarskisenter i starten av sommarferien.

Sjå video frå 2020 samlinga her: <https://www.youtube.com/watch?v=F1w9v3dX-ps>

Tidsrom: torsdag 24. – søndag 27. juni 2021

(Det er høve får å delta frå fredag om ønskeleg)

Innkvartering: I leiligheter ved Skjolden Brygge.

Sjå <http://www.skjoldenbrygge.com/> for detaljar (inkl. informasjon om leiligheter). Skjolden Brygge ligg i Skjolden, i gåavstand til sentrum. Det tek ca. 30 minutt å køyre opp til skiløypene på Sognefjellet. Innkvartering skjer familievis. Leilighetene har stove, soverom, kjøkken og bad med dusj/toalett. Meir informasjon om korleis ein gjer det med måltider vert sendt ut på eit seinare tidspunkt.

Prisane for innkvartering ved Skjolden Brygge.

- Kr. 2 000,- per døgn for 10 sengers leilighet (tillegg på kr. 900,- for utvask)
- Kr. 1 300,- per døgn for 4-5 sengers leilighet (tillegg på kr. 600,- for utvask)

Kvar enkelt familie/ utøvar vert plassert i førehandsbestilte leiligheter, og ordnar det økonomiske oppgjeret sjølve ved avreise.

Trening: Vi tek sikte på ei treningsøkt torsdag, to treningsøker fredag og laurdag og ei økt søndag. Nokre økter vert gjennomført på Sognefjellet og nokre økter vert gjennomført som barmarksøkt i Skjolden. Dette vert nærare informert på eit seinare tidspunkt. Transport til og frå Sognefjellet organiserast privat. Påmelde familiar/ utøvarar vert tilsendt detaljar og program for samlinga i begynnelsen av juni.

Treningsavgift: Ein legg ikkje opp til noko treningsavgift i samband med samlinga, men alle skal betale løypeavgift til Sognefjellet Sommarskisenter. Prisar og informasjon om løypeavgift finn ved å følge denne lenka; <http://sognefjelletsommerski.no/prisar/>

Atterhald: I høve til gjennomføringa tek ein atterhald vedr. situasjonen med koronapandemien. Samlinga vert gjennomført med dei retningslinjer som myndighetene krev i høve til smittevern.

Påmeldingsfrist: 28. mai 2020

Påmelding gjer ein til; yngve.thorsen@coop.no

Med venleg helsing
FIL Langrenn
Førde, 15.05.2020